



## REFERAT - INSTITUTTRÅDSMØTE 03.12.20

Referanse  
2020/13378

Møtedato  
03.12.20

Referatdato  
03.12.20

Referent  
Steinar Thunestvedt

Innkalt av  
Steinar Bøyum

Deltakere: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Kevin Cahill, Mette Hansen, Alois Pichler, Deirdre Smith (vara), Natalie Timland, Haakon Ben Schrøder, Erlend Moe (vara)

Forfall: Leon Commandeur, Ståle Melve, Anders Ivesdal

---

### I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

*NB! Leon Commandeur hadde forfall viste det seg (norsk-eksamen)*

### II Orienteringssaker

- Referat (v/ Kolflaath) fra fakultetsstyresakene (27.10) og orientering om det komande møtet
  - Rapport om Examen philosophicum («Bøyum-utvalget»)
  - Regnskapsrapport pr. september prognostiserer akkumulert underskudd på ca. 12 mill. etter 2020 (5 mill. i pluss om ein også inkluderer «øyremerka midlar»)
  - Sak om gjennomstrømming/frafall: FoF er framleis noko under snittet for fakultetet
  - Dimensjonering av studieplassar i 2021. Fakultet vidarefører politikken med høge optakstal
  - Sak om omarbeiding av PhD-avhandling
  - (Re)distribusjon av fakultetet sine stipendiatheimlar: Fakultet vil disponere noko fleire til strategiske satsingar enn no, og IF, AHKR og LLE får litt færre. FoF vil framleis ha 6.
  - Amund Børdahl: Stillingsutviding til 75 % (ved Examen Facultatum).

Kolflaath informerte også kort om sakene som skal opp på komande møte (8. desember): Budsjett 2021 og revisjon av bemanningsplanen er hovudsakene

---

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Telefon 55 58 00 00  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)  
Internett [www.uib.no](http://www.uib.no)  
Org no. 872 789 542

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudier  
[fof@hf.uib.no](mailto:fof@hf.uib.no)  
Telefon 55 58 23 82  
Telefaks 55 58 96 51

Besøksadresse  
Sydnesplassen  
12/13  
Bergen

Referent  
Steinar Thunestvedt  
55582384

- Informasjon om rettslige rammer for digital undervisning: Nytt presiseringsskriv knytt til problem rundt opphavsrett og personvern knytt til digitalundervisning.
- Tilpassing av undervisning og vurdering i vårsemesteret 2021: Skriv frå fakultetet om tilpassing av undervisning og vurdering i komande vårsemester - i lys av Corona-situasjonen
- Ny undervisningskoordinator: Ole Hjortland går inn i vervet som undervisningskoordinator og leiar for Undervisningsutvalet frå januar 2021. Avgåande leiar Ole Martin Skilleås blei takka for lang og god teneste i vervet
- Postdokortilsetjing: Tom McClelland har takka nei til tilbodet om å tiltre stilling som postdoktor frå januar.

### III Vedtakssaker

#### 2020-17 Revisjon av instituttreglementet

Instituttleiar gjorde greie for bakgrunnen og behovet for noko revisjon av reglementet for instituttrådet si verksemd. Viktigast er at emneansvarsfunksjonen no er skreve inn i reglementet og at undervisningsutvalet si «dobbeltrolle» som programstyre og overordna undervisningsutval for heile instituttet er tydeleggjort.

I diskusjonane kom det fram følgjande framlegg til justeringar:

- § 13 om «vedtakførhet og flertallskrav» kan flyttast til § 3 eller § 7, eventuelt deler av den
- Deler av § 1 kan like gjerne stå i § 12 («Instituttets ledergruppe»)
- I § 7 kan det synast påfallande at instituttleiar ikkje kan krevje ekstraordinært møte
- Siste del av formuleringa om «...møtebok for instituttrådet» bør strykast slik at setninga berre omhandlar instituttrådet
- Avsnittet om «møtebok» i § 7 kan strykast eller forenklast

Rådet slutta seg til endringsframlegga.

I forhandlingane kom det også framlegg om ein del mindre språklege justeringar. Møtelyden blei oppmoda om å sende slike framlegg i etterkant av møtet.

#### Vedtak:

*Instituttrådet sluttar seg til framlegget til revidert instituttreglement, med dei endringane som kom fram i møtet. Instituttleiar får ansvar for å inkorporere endringane og sluttversjon blir sendt rådet før oversending til fakultetet.*

### **2020-18 Møteplan for instituttrådet vårsemesteret 2021**

Plan for instituttrådet sine møter i komande vårsemester blei lagt fram. Det var ingen som hadde innvendingar til denne.

#### Vedtak:

*Instituttrådet slutter seg til foreslått møteplan og det blir såleis instituttrådsmøter 4. februar, 25. mars, 20. mai og 17. juni*